

VIGSLING AV KYRKJE

1. Kyrkjevigsling følger ordninga Høgmesse med dei tilmåtingar som går fram av det følgjande.
2. Presten i kyrkjelyden utfører ledd 1. Prosten utfører ledda 2-5 og innleiinga til skriftlesingane, ledd 6. Biskopen utfører ledda frå og med truvedkjenninga.
3. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen kan det ringjast med alle klokkene eller det kan kimast.

Teksta til ledd 4 i denne ordninga, Lovsong, er henta frå Hovedgudstenesta 2020.
Bibeltekstane i ordninga er henta frå Bibel 2024 og Fadervår frå 2011.
Den apostoliske truvedkjenninga er slik Kyrkjemøtet vedtok i 2024.

1 | Inngang

Kyrkjelyden står medan prosesjonen går inn i kyrkja og dei liturgiske tinga vert sette på plass.
Imedan syng kyrkjelyden ein inngangssalme (eventuelt Salme 100 eller ein annan bibelsk salme med kyrkjelydsomkvede som høver).

Når dette er til ende og alle som var med i prosesjonen har sett seg, går presten i kyrkjelyden til lesepulten og seier:

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Herrens apostel seier: Alle ting vert helga ved Guds ord og bøn. Såleis skal vi og i dag vigsla denne kyrkja (dette kyrkjerommet). Samla her for Guds åsyn skal vi høyra hans heilage ord og bera våre bønner og vår lovsang fram for Guds trone i himmelen.

Presten går til plassen sin, og prosten går til altaret.

2 | Syndsvedkjenning

Liturgen bøyer kne, vend mot altaret.
Kyrkjelyden kan knela i kyrkjebenkene, der tilhøva ligg til rette for det.

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

A | Heilage Gud, himmelske Far. Sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder, og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

3 | **Bønerop**

Liturgen står, vend mot altaret.

A synger | Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna oss. Kriste eleison, Herre Krist, miskunna oss. Kyrie eleison, Hellig Ånd, miskunna oss.

4 | **Lovsong**

Leddets Lovsong vert helst sunge i fullstendig form.

L eller F synger | Ære vere Gud i det høgste

K synger | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

**F (alle) | Vi hyllar deg for din store herlegdom,
Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.**

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

**F (menn) | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus,
Guds Lam som ber all verdsens synder,**

F (alle) | miskunna deg over oss.

F (kvinner) | Du som sit ved Faderens høgre hand,

F (alle) | høyr vår bøn.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

F (menn) | For einast du er heilag,

F (kvinner) | einast du er Herren,

F (menn) | einast du er Den høgste,

F (alle) | Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

5 | **Kollektbøn for dagen**

L seier eller messar, vend mot kyrkjelyden | Lat oss alle be.

Liturgen vender seg mot altaret og bed kollektbøna for dagen

K | Amen.

6 | Skriftlesing

Prosten | Lat oss høyra vitnemål frå Den heilage skrifta.

Prosten går frå altaret og set seg. Kyrkjelyden vert sitjande medan det vert lese.

Tekstane nedanfor vert lesne frå lesepulten.

Etter kvar lesing syng kyrkjelyden eitt eller to vers av ein høveleg salme.

Fyrste lesinga

T | Det står skrive i Fyrste Kongebok i det 8. kapitlet:

Då templet i Jerusalem skulle vigslast, stod Salomo fram for Herrens altar midt framfor heile Israels forsamling. Han breidde hendene ut mot himmelen og sa: Herre, Israels Gud! Det finst ingen Gud som du, korkje oppe i himmelen eller her nede på jorda.

Men bur Gud verkeleg på jorda? Sjå, himmelen og himlars himmel kan ikkje rømme deg, langt mindre dette huset som eg har bygd! Vend deg mot bøna til tenaren din og ropet hans om nåde, Herre, min Gud! Høyr ropet frå tenaren din og den bøna han i dag bed for ditt andlet! Hald auga dine opne over dette huset natt og dag. Vak over den staden der du har lova at namnet ditt skal bu.

Måtte Herren vår Gud vera med oss slik han var med fedrane våre! Måtte han ikkje forlata oss og ikkje støyta oss frå seg, men bøya hjartet vårt til seg, så vi går på vegane hans og held dei boda, forskriftene og lovene som han la på fedrane våre. Då skal alle folk på jorda sanna at Herren er Gud, han og ingen annan. **1 KONG 8,22-23.27-29.57-58.60**

Andre lesinga

T | Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Efesos i det 2. kapitlet:

De er oppbygde på grunnvollen til apostlane og profetane, og hjørnesteinen er Kristus Jesus sjølv. I han blir heile bygningen halden saman, så han veks til eit heilagt tempel i Herren, og i han blir de òg bygde opp til ein bustad for Gud i Anden. **EF 2,20- 22**

Tredje lesinga

T | Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Rom i det 10. kapitlet:

Kvar den som kallar på Herrens namn, skal bli frelst. Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner? Og korleis kan dei forkynna dersom dei ikkje blir utsende? Som det står skrive: Kor vakre dei er, føtene til dei som kjem med glede! Men ikkje alle var lydige mot evangeliet. Jesaja seier: Herre, kven trudde budskapeten vår?

Så kjem då trua av budskapeten ein høyrer, og budskapeten kjem ved Kristi ord. **ROM 10,13-17**

Fjerde lesinga

T | Det står skrive i Apostelgjerningane i det 2. kapitlet:

Peter sa: «Vend om og lat dykk døypa i Jesu Kristi namn, kvar og ein av dykk, så de får tilgjeving for syndene, og de skal få Den heilage andens gåve. For lovnaden gjeld dykk og borna dykkar og alle som er langt borte, så mange som Herren vår Gud kallar på.» Også med mange andre ord vitna han for dei og formana dei: «Lat dykk frelsa frå denne vrangsnudde slekta.»

Dei som tok imot budskapet hans, vart døypte, og den dagen vart det lagt til om lag tre tusen menneske. Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. **APG 2,38-42**

Femte lesinga

T | Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 10. kapitlet:

Velsigningsbegeret som vi velsignar, gjev det ikkje del i Kristi blod? Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi kropp? Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp. For vi har alle del i det eine brødet. **1 KOR 10,16-17**

Sjette lesinga

T | Det står skrive i Johannes' openberring i det 21. kapitlet:

I ånda førte han meg opp på eit stort og høgt fjell og viste meg den heilage byen, Jerusalem, som kom ned frå himmelen, frå Gud. Byen hadde Guds herlegdom og stråla som den dyraste edelstein, som krystallklår jaspis. Noko tempel såg eg ikkje i byen, for Herren Gud, Den allmechtige, og Lammet er tempel der. Og byen treng ikkje lys frå sol eller måne, for Guds herlegdom lyser over han, og Lammet er lyset hans. Folkeslaga skal vandra i lyset frå byen, og kongane på jorda skal koma dit med alle rikdomane sine. Byportane skal aldri stengjast etter dagen, for natt skal ikkje vera der. **OP 21,10-11.22-25**

Medan kyrkjelyden syng siste verset av salmen, går biskopen til altaret.

7 | Truvedkjønning

Her nyttar ein helst Den nikenske truvedkjønninga.

Anten **A**

Biskopen | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg.

A | **Vi trur på ein Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.**

Vi trur på ein Herre, Jesus Kristus, Guds einbome Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, ljøs av ljøs, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje

skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den Heilage Ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom for å døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den Heilage Ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane. Vi trur på ei heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest ein dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda.
Amen.

DEN NIKENSKE TRUVEDKJENNINGA

Eller **B**

Biskopen | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, skapar av himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

Kyrkjelyden set seg.

8 | Salme før preika

Under denne salmen går biskopen på preikestolen.

9 | Preike

Biskopen preikar over teksten for dagen eller ein fritt vald tekst.

10 | Salme etter preika

11 | Kunngjeringar

12 | Forbøn

B ved altaret, vend mot kyrkjelyden | Lat oss venda oss til Gud i bøn.

B vend mot altaret | Lova vere du, vår Gud, Herre over universet! Himmel og jord rømer deg ikkje, og likevel vil du bu hjå oss ved Ord og sakrament, og helga deg eit tempel i oss, så du alltid er oss nær i ditt underfulle verk. Vi bed deg, lat di frelsargjerning lukkast i kyrkjelyden vår, og i dette huset/dette kyrkjerommet, som i dag vert vigsla til teneste for deg og til di ære.

K syng | **Herre, høyr vår bøn.**

B | Velsign ordet ditt når det vert forkynt, og lat det frå den- ne preikestolen lyda klårt og reint og syna ånd og kraft. Lat dei som vert borne til denne døypefonten, få eiga dåpsnå- den og verta sameinte med Son din, slik han døydde og stod opp. Gjev oss ved dette altarbordet del i Jesu Kristi lekam og blod. Gjer dette huset til eit bønhus for ditt folk og hald ditt øyra ope for all lovsong, takk og tilbeding som stig opp til deg herifrå. Vekk hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi med glede høyrer når klokkene kallar, og gjerne kjem og høyrer ditt ord.

K syng | **Herre, høyr vår bøn.**

B | Far i himmelen, signa vårt folk og land, vår konge og hans hus, og alle som har mynde og ansvar i samfunnet. Trøysta dei sjuke og sørgjande, ver nær hjå .alle einsame, kom med von om evig liv til dei som strir med døden. Og når vi ein gong vert lagde til kvile, lat oss då få vera i di hand. Gjev oss ei sæl oppstode på den siste dagen, og unn oss å bu hjå deg i den evige byen, det nye Jerusalem, som inkje tem- pel har, for du, Herre, allmechtige Gud, og Lammet er temp- let der.

K syng | **Herre, høyr vår bøn. Amen**

A | **Vår Far i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

13 | Takkoffer

14 | Slutningsord

B ved altaret, vend mol kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd.

Dette kyrkjehuset, med alt som høyrer det til, er no teke i bruk. Ved Guds ord og bøn er det vigsla og helga til Guds ære og oppbygging for hans kyrkjelyd i trua på Jesus Kristus. Fred vere med dette huset og med alle som går inn i det. I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Amen.

15 | Slutningssalme

Alle reiser og og syng «Du store Gud og Herre god» (NoS262), helst i skifte mellom kor og kyrkjelyd.

16 | Velsigning og utsending

Anten **A**

Louprising

B syng vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

K syng | **Gud vere lova, Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

Helsing

B syng vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.

Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

K syng | **Og med deg vere Herren.**

B messar | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

K syng | **Amen. Amen. Amen.**

Under den stille bønå som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrjeklokkene.

B kan halda fram | Gå i fred. Ten Herren med glede.

17 | Postludium

Under postludiet går prosesjonen ut av kyrkja.